




Me er på veg mot  
den nye kommunen i Hardanger

# ULLENSVANG KOMMUNE

## Strategi for digitalisering

### -> Overordna retningslinjer og felleskomponentar

Visjonen vår for digitalisering er å vera ein framoverlent og nytenkande kommune som kan vera villig til å utforska og ta i bruk teknologi, for å oppnå smartare tenester til innbyggjarane og ein meir effektiv administrasjon. Denne strategien er ein av fem komponentar som til saman utgjør Digitaliseringsstrategi for Ullensvang kommune. Strategien gjeld for alle brukarar av tenestene til kommunen, politikarar, tilsette og samarbeidspartnarar.



Digitale tenester med brukaren i fokus må leverast gjennom samspel mellom prosessar, teknologi og organisasjon. Strategien legg opp til at Ullensvang kommune skal samkøyra og forbetra sine fagsystem, IKT-infrastruktur, elektroniske tenester og samhandling med tenestemottakarane. Felles digitaliseringskomponentar og retningslinjer skal bidra til at satsinga på IKT skjer sikkert, koordinert og heilskapleg på tvers av organisasjonsgrensene i kommunen. Våre digitale tenester skal ivareta etiske, juridiske og faglege normer, og dessutan bidra til at grunnleggjande verdiar ikkje vert krenkte.

### Felles målsetningar

#### Sikre og stabile IT tenester

- Ullensvang kommune skal sørge for at dei IKT-systema kommunen sine tilsette nyttar i arbeidet sitt er tilgjengelege når dei har behov for å nytta seg av dei.
- Det er eit mål å ikkje ha overlappende system. Der det er drift av overlappende system (paralleldrift) må systema bli samordna. Ved samanslåinga må systemporteføljen konsoliderast og bli samordna.
- Vi skal ha oppgraderte tryggleiksløysingar som stansar tryggleikstrugs mål.

#### Strategisk leiing og IKT

- For å ha ei heilskapleg utvikling av digitale tenester, må kommunen definera ei IKT-organisering med tydeleg rolle- og ansvarsdeling. Organiseringa bør inkludera kommuneleiinga, sektorar, brukarar i organisasjonen og IKT-ressursar, og gjera tydeleg ansvaret sektorane har for digitalisering og utnytting av IKT.
- Ein tydeleg styringsmodell og sentrale føringar skal sikra rett prioritering basert på eit totalbilette for Ullensvang kommune.

#### Digital kompetanse

- For å evna å utnytta digitale løysingar best mogleg, er det vesentleg at dei tilsette har god kompetanse i sine digitale verktøy. Det er ein føresetnad at kommunen har eit kontinuerleg fokus på opplæring og oppdatering av tilsette sin kompetanse.
- Teknologiske endringar stiller nye krav til IKT-området. Kapasitet og kompetanse for våre IKT-ressursar må styrkjast
- Kompetansebehovet til brukarane må stettast frå grunnskulen, vidaregåande- og høgare utdanning, gjennom arbeidslivet, og òg omfatta seniorar, pensjonistar, heimevarande og trygda.

#### Digitale tenester til innbyggjarar og næringsdrivande

- Ullensvang kommune skal kommunisera digitalt med innbyggjarar og næringsliv som førsteval, og redusera behov for oppmøte og telefonkontakt. Samstundes skal vi vera medvitne om at digital kontakt ikkje i alle høve kan erstatta personleg kontakt.
- Forbetring av kommunale tenester må gjerast med bakgrunn i behovet til innbyggjarane, men skal ikkje berre gjera det enklare for brukaren. Forbetringa skal òg fjerna eller forenkla aktivitetar som må bli gjort ved mottak, saksarbeid og utsending av vedtak.
- Digitalisering krev tverrsektoriell samhandling og vil involvera arkiv, IKT, sektoren som eig tenesta og tenestetorg

### Felles retningslinjer

#### Krav til informasjonstryggleik og personvern skal alltid etterlevast

- Personvern skal vera ein integrert del av all utvikling og bruk av IKT. Vi skal basera all handsaming av personopplysningar og sensitiv informasjon med bakgrunn i kva som er føremålet med handsaminga.
- Ordføraren og administrativ leiing har det overordna ansvaret for at krav til informasjonstryggleik og personvern blir praktisert på ein god måte.
- Alle tilsette har ansvar for å følgja gjeldande reglar for informasjonstryggleik og personvern.

#### IKT investeringar skal grunnjevast med behov

- Å skaffa eit system eller ei løysing er berre eit middel for å nå målet om å jobba meir effektivt eller skapa ei betre teneste.
- All utvikling og innkjøp av nye løysingar skal baserast på behovet til brukarane.
- Ei funksjonell behovskildring og ynskte arbeidsprosessar og dessutan innverknad på kommunen sine fastsette IKT-standardar og arkitektur skal alltid ligge til grunn før val av system eller løysing.

#### IKT skal forankrast i leiinga til kommunen

- Kommuneleiinga og sektorleiarar må ta eit aktivt eierskap til, og ta ansvar for vår bruk av IKT og digitalisering av tenester
- Utvikling med bruk av IKT skal vera ei prioritert leiaroppgåve. IKT-avgjerder må på lik linje med andre strategisk viktige avgjerder forankrast i kommuneleiinga.
- Det er ei leiaroppgåve å prioritera kva for prosjekt som skal gjennomførast, sjå til at desse har planar for gevinstuttak og at gevinstar blir realisert.

#### Effektiv IT-drift og utvikling

- Vi skal organisera IKT-drift på ein måte som bidreg til teneste- kvalitet, gjev låg operasjonell risiko, er kostnadseffektiv, og har ein arkitekturlag som legg grunnlaget for digitalisering av tenester.
- IKT-ressursar må ha kompetanse og kapasitet for å sikra IKT-tenester med rett kvalitet, og til å vera ein rådgjevar når nye IKT-system og løysingar skal skaffast og bli implementert.
- Kostnader og ressursbruk knytt til IKT skal synleggjerast, og det må vera samsvar mellom våre IKT-kostnader og kostnader i samanliknbare kommunar.
- Ved kost-nyttevurdering av løysingar skal vi sjå heile kommunen under eitt.

Ullensvang kommune ser at god samhandling i offentleg sektor er avgjerande for å kunna tilby gode digitale tenester for innbyggjarar og næringsliv. Vellukka digital samhandling i offentleg sektor føreset at vi nyttar felles standardar og i stor grad nyttar fellesløysingar. Skytløysingar, grøn IT, gjenbruk av informasjon og smart-teknologi er noko av det offentleg sektor må forhalda seg til i åra som kjem.